

Marx verk i utval – ny tysk studieutgåve i 6 bind

Innleiing om korleis Marx sine tankar om profittraten sin fallande tendens kan gi oss nokkelen til å forstå samfunnsutviklinga i det siste hundreåret.

Den store interessa for Karl Marx sine tankar og teoriar som no veks fram att, spesielt i tida etter den store økonomiske krisa som slo så kraftig inn i 2008, har ført til at det har blitt skrive ei mengd bøker som bruker Marx sine verk som utgangspunkt for å forstå kva som skjer. Grunnen er at fleire og fleire oppdagar at andre økonomiske teoriar ikkje maktar å gi noko grunnlag for ei slik forståing.

Dette har mellom anna ført til at Lambert Schneider Verlag, som er forlaget til Wissenschaftliche Buchgesellschaft (WBG, den største bokklubben for fagbøker i Europa), i år (2013) gav ut ei ny utgåve av Marx sine verk i 6 bind. I presentasjonen av denne utgåva heiter det at; "I høve den aktuelle verdsøkonomiske situasjonen får filosofien og verka til Karl Marx igjen ein særleg relevans. Mange av prognosane hans blir i dag bekrefta: utbyttinga i verda, kapitalakkumulasjonen, veksande internasjonal samanfletting og krisearta fenomen. I det siste, etter finans- og økonomikrisa, er kritikken mot utbytting og urettferdigheit igjen blitt kraftigare. Det er nok ein grunn til å lese Marx (oppatt). Denne flott redigerte utgåva av Marx sine viktigaste verk inneheld dei skriftene som er uomgjengelege for å forstå tankane hans. Dei dannar ei bru frå ungdomsverka over dei viktigaste politiske publikasjonar til eit utval av økonomiske tekstar; frå doktoravhandlinga ved universitetet i Jena til "Feuerbachtesane" og "Det kommunistiske partis manifest" til den uavkorta teksten i "Kapitalen"."

Wolfram Elsner har skrive innleiinga til verket. Han seier at han vaks opp på 1950- og 60 talet, under den økonomiske oppgangstida etter 2. Verdkriga, då Marx blei sett på som daud og meir enn daud. Men midt på 60-talet kom opprøret mot den einsrettinga som hadde ført til at all kritikk mot systemet blei sett på som utilbørleg, og då fekk nokre av dei som vaks opp kjennskap til Marx att. Det galdt også Elsner. Men han seier at han aldri vart nokon marxist då. Han var en ein humanist som hadde kontakt med delar av det mindretallet av økonomar som ikkje følgde med i det nyliberale koret, det var keynesianarar, evolusjonære og institusjonelle økonomar, kompleksitetsøkonomar, sosialøkonomar av forskjellige retningar, "etiske" og økologiske økonomar og marxistiske økonomar.

Så hadde krisa i 2008 fått han til å interessere seg for Marx att. Då han studerte profitraten sin fallande tendens begynte mange problem som dukka opp under finanskrisa å få ei forklaring. Det galdt krisa i finansmarknaden, ressurskrisa, matvarekrisa, dei sosiale, politiske og moralske krisene. I lys av teorien om profitraten sin fallande tendens og andre omgrep og analysar frå Marx vart det mogleg å forstå og forklare det som skjedde og ha relativt godt grunngjeve meininger om kva som kom til å skje frametter. Som følgje av ein omfattande *profitratekrise* (som tyder krisa i reproduksjonen og akkumulasjonen av kapital) finns det kvantitativt sett ikkje meir nokon utveg, sjølv om vi kunne pumpe alle offentlege middel og skattar i den neste generasjonen og alle nåverande og kommande verdiar som kan eksistere i denne verda, inn i profittmassen.

Han vurderer det slik at den private, nominelle rikdommen som dei "nyliberale" regjeringane (som i røynda korkje er nye eller "liberale" i noka fornuftig mening) i fire tiår har opna for at dei super-, mega- og gigarike privatfolka, konserna, bankane, forsikringsselskapa, investeringsfonda, skyggebankane, hedgefonda og private aksjefond, har kunne tileigne seg, at denne mengda med "meirverdikrevjande kapital", har eksplodert slik under det "nyliberale" store prosjektet for omfordeling frå "nede" til "oppe", at jorda er blitt for liten til å halde oppe ein "tilfredsstillande" gjennomsnittleg profitgivande bruk av heile denne meirverdien innanfor dei moglegheitene som finns når det gjeld samfunnsproduktet, inntektsskapninga og ressurstilgangen. Det forklarer kvifor "kapitalen" ikkje berre er blitt attarst nervøs, men beint fram "vanvitig" og "galen" og kvifor han "trakkar alle menneskeleg lover under foten sin" og at "det finns ikkje noko brotsverk som han ikkje risikerer, sjølv når han står i fare for dødsstraff", for å realisere så lite som 25 % profitrate og ikkje 100 % eller 300 % slik Marx skreiv, og altså tok feil i.

Grenselaus utbytting av omverda og naturressursane, "galen" spekulasjon på alt og ingenting, på alt som no eller i framtida kan brukas til å dekke menneska sine verkelege behov og deira verkelege forbruk og også det som potensielt kan ha nokon verdi og vere relevant for spekulasjon og som kan bli omdanna frå nominelle til reelle kapitalformuar, heilt fram til *landgrebbing* i kontinental utstrekning, alle desse nye, irriterande fenomena , som for mange berre er knytt til moralske omgrep som grådigheit, tjuveri, rov og personlege veikskapar ved spekulantane, finn eigentleg først si objektive, systemiske tyding, samanheng og oppklaring i Marx sitt perspektiv.

Dermed ser det ut til at den moderne "finansialiserte" kapitalismen i siste konsekvens slår ein bøge frå opphavet til sluttpunktet sitt. I starten finn vi

røving av landområde, av allmenningane og bøndene sin eigedom som Marx kallar "opphevleg akkumulasjon" i først bind av "Kapitalen". No blir forsøka på å realisere ganske låge profittratar på slike utrulege mengder med stadig meir hektiske vandrande *fiktiv kapital* (Marx) avslutta med ei global *grebbing* av stadig større landområde, altså ikkje berre ein kapitalakkumulasjon som kjem av ekspropriering, men av den mest gjennomførte, mest omfattande form for oppsuging av alle noverande og kommande realverdiar i profittmassen, same om det fører til folkemord og fiendskap mot menneskeslekta. Den fiktive kapitalen det her er snakk om er løfter om omsettelege, framtidige utbetalingar frå dei største, mest sentrale og "mest systemiske" finanskonglomerata, så vel som dei gigarike private kreditorane, partseigarane og "investorane".

Så seier Elsner at Marx sine forklaringar på korleis dei individuelle planane til sjølv dei mektigaste finanssamanslutningane kjem opp i krise, samsvarer med moderne forsking på komplekse og sosiale system. Denne forskinga viser at system med innebygd veksttvang før eller seinare kjem inn i ein sjølvblokkerande krisemodus.

Den globaliserte og finansialiserte kapitalismen, som har degenerert til ein gigantisk omfordelingsmekanisme til fordel for dei rikaste, møter raskare enn venta jorda sine fysiske grenser. I dei siste fire tiåra har kapitalen med aukande lynfart fjerna ikkje berre den realøkonomiske soliditeten og dynamikken sin, men også evna si til å løyse problem gjennom dynamisk vareproduksjon og slik sikre "velstand" og arbeid, ernæring, sunnheit, utdanning, tilfredsheit, lykke, den meste elementære sikringa av framtida og folk sin sjanse til å planlegge framtida si (noko som heller aldri var kapitalen sitt mål).

Han seier at du må sanneleg ikkje vere nokon marxist for å sette talrike nye fenomen, som ser forskjellige ut og er vanskelege å fatte, inn i ein samanheng som det går an å forstå ut frå *profitrateperspektivet*. Han nemner her den manisk-depressive dynamikken frå profittjakta og presset etter skaping av meir verdi på den eine sida og den spekulativa hamstringa av kapital på den andre sida, og oppblåsinga av spekulasjonsboblar og omdanninga av det som er forvandla til oppblåsen nominell kapital til luksusforbruk, seremonielle investeringar (luksusbustader, sponsoring), global ressurstileigning, globalt press for å senke verdien på arbeidskrafta og den utstrekkte fallet i livskvalitet. Han nemner vidare dei nye rekordane når det gjeld fattigdom og svolt og det eksponentielle forbruket (som aukar i ei stigande kurve) av dei verkelege tinga frå jorda, nedgangen i realøkonomien, uttørkinga av den verkelege industrikapitalen gjennom eksploderande leiarløner, renteutbetalingar, bonusar, dividendar og spekulativa finansinntekter. Han viser og til

degenerasjonen av ein realøkonomi som fungerte på ein halveges måte under den keynesianske velferdsstaten (med større vekt på verkeleg produksjonen og dermed større spelerom for fordeling) til ein global omfordelingsmekanisme og ein gigantisk fastlimt struktur av utlånarar og forgjelda. Han tar opp den vidtgåande privatiseringa av offentlege verdiar og den planlagde offentlege (statlege) utarming, den systematiske dekvalifiseringa og handlingslamminga til statane og det offentlege som sekulære "nyliberale" program, og opp mot det dei statlege "sosiale fallskjermene" og "fullkaskoforsikringane" til kvar enkelt "systemeigen" bank. Han viser til at staten hindrar ein kvar strukturendring av denne spekulasjonsindustrien der vi finn kvar bank som er "for stor til å gå konkurs", pantsetting av skatteinntektene frå den neste generasjonen til bankane på grunn av dei eksploderande underskotta i statshushaldet og overføring av giftige spekulasjonspapir til sentralbankane og dei nye parafiski ("Bad Banks", EFSF/ESM {European Financial Stability Facility/European Stability Mechanism, sjå: <http://www.efsfs.eu/about/index.htm>} osb.). Og han nemner den statlege overføringa av overspekulerte bankunderskott til negative realrenter som i staden for å bli gitt tilbake til realøkonomien, straks blir nytta til vidare spekulativ statsfinansiering (til 5 %, 8 % rente eller meir) eller til sikker hamstring (gjennom EZB {Den europeiske sentralbanken} eller i tyske statsobligasjonar) osb., osb..

Så skriv han om systemeigne kriser og korleis Marx sine perspektiv fell saman med perspektiva til moderne kompleksitetsøkonomar.

For Marx er "krise" eit omfattande mikroøkonomisk og makroøkonomisk fenomen og han analyserer det ned i "atomstrukturen" til eit spontant, desentralisert, individualistisk system ("marknadsøkonomi") med akkumulasjonstvang og dermed veksttvang. Dette har årsakene sine i dei meste elementære samfunnsøkonomiske forhold, og samkvemmet mellom dei individualiserte og dermed kortsynte aktørane og speglar seg i ulikevektige forhold når det gjeld det oppsamla resultatet i makroøkonomien.

Så går han inn på ei rekke av dei komplekse (og kaotiske) forholda som pregar dette systemet. Han seier at det begynner med dei enkelte kapitalane som driv verdiproduksjonane ved sidan av og mot kvarandre, som er utan plan og driven av konkurransen. Det fortsett med den samfunnsmessige "lauskoplinga" og "lausrivinga" av varer og pengar (og dermed også av kapital – noko som vi kan fatte i omgrep som "varefetisjisme", "pengefetisjisme", kapitalfetisjisme") og dei mangfaldige moglegheitene for at verdien og prisane skil seg frå kvarandre i det desentraliserte byttesystemet og at det dermed oppstår enorme mogleheter for skuffa forventingar og overraskande feile tiltak i etterkant og

med påfølgjande tap (der kostnadane desto meir blir tatt frå dei avmektige og gitt til dei mektige). Og så har vi dessutan moglegheita for at samanhengen i produksjonen og sirkulasjonen blir broten på grunn av ugunstige forventingar (hamstring av varer, pengar og kapital). Og at det er naudsynt for kapitalen å vekse og dermed utvikle alle moglegheiter for omfordeling som ikkje fører til auka innsats. Og han tar opp lausriving av kapitalen frå realøkonomiske mål (behov, tinglege produksjonsmål, Marx sin okkulte kapital), den kaotiske omfordelingskampen når det gjeld arbeidskrafta sin verdi og den motsvarande kampen om storleiken på meirverdien, altså om lengda på arbeidsgangen og også om dei teknologiske vilkåra for arbeidet sin intensitet og produktivitet, kapitalen sitt kappløp (på liv og daud) om ekstrameirverdien som av og til oppstår. Vidare har vi dei uavhengige rørslene til pengeprisane, lønene og rentesatsane og storleiken på kreditt- og kapitaldelar som ammunisjon i konkurransekampen, dei ukontrollert veksande konsentrasjons- og sentraliseringsprosessane, og til slutt får vi det nye universet av fiktive kapitalar med sine uoversiktlege fleirlaga nominelle krav på inntekt (aksjar, verdipapir, opsjonar/swaps/futures, derivat, derivat av derivat, forsikringspolisar på derivat osb.) og deira eigne prisbestemmingar, og vi har den sykliske og oversykliske rørsla av profittraten som "lagnadsstorlek" for kapitalforholdet og endeleg konkurransemekanismen sin tendens til å skape overproduksjon saman med at forbrukskrafta blir liggande etter på makroøkonomisk nivå.

Han seier at tendensar til overproduksjon og underforbruk er kjernen i Marx sin kriseteori. Det gjer at forventinga til kapitalistane når det gjeld å suge opp dei "restane" av meirverdien/kapitalen som ikkje kan seljast, gjennom sin eigen investeringsetterspurnad, blir desto viktigare. Kan dei redde seg sjølv gjennom høgare takt i investeringane som skal kompensere for det systemeigne underforbruket elles og dra seg opp av sumpen etter eige hår, slik som den "nyklassiske-nyliberale" økonomiske teorien hevdar? Det er uoppnåeleg på individualistisk vis å oppnå det som ser ut til å vere fornuftig og mogleg å gjennomføre på kollektivt vis, altså å få til ein felles, fornuftig, gjennomskodleg og rettferdig fordeling av byrdene som kan "bøte" på resultata etter tidligare (feil)vurderingar. Kven kan produsere ei "framtida", eit "kollektivgode", eit "oppsving" når forbrukskraftspurnaden ikkje er slik ein kan ønske – og som gjer at ein lurer på om alle andre blir "freeriders"? Dette er ein særdeles sårbar prosess i alle ledd, som ikkje kan gå godt, særleg når berre nokre få overmektige forsøker å ri han gjennom omfordelingsprosessar, ved å velte byrdane over på andre og ved å skape sosialutgifter .

Den atomlike, eller genetisk like (etter kva analogi ein vil bruke på det kompliserte systemet) strukturane i krisene er ikkje berre tema i Marx sine tre

bind av Kapitalen. Motsetnader, skadefare, det at den individuelle og kollektive fornufta skil seg frå kvarandre, handlingshindringar, å bomme på måla, framandgjering og lausriving, viltveksande (om)fordelingsprosessar med makroøkonomiske krisekonsekvensar – alt dette blir utvikla av Marx frå dei tidlegaste skriftene hans, først gjennom studiar av filosofi og samfunnsfilosofi i staden for økonomi. Den skotske opplysningsstida og den tyske dialektiske filosofien hadde allereie gitt nyttige forarbeid til "unintended consequences" (uønskte følgjer) mellom individualisme og kollektivet.

Så seier han at han berre kan antyde at eit slikt program, på ein svært interessant og framtidsretta måte, fell saman med forskingsprogrammet til den moderne kompleksitetsøkonomien og –samfunnsvitskapen, som formelt lagar modellar med handlingsbasert datasimulering. Konklusjonen frå slike studiar er at det er like sannsynleg at slike kompliserte prosessar og strukturar som vi finn i den kapitalistiske økonomien skal komme i likevekt som det er å finne eit spesielt støvkorn i universet. I slike system er likevekt eit ekstremt grensetilfelle, og det vi til vanleg finn er stadig aukande ulikevektsprosessar og langvarige blokadar og lammande tilstandar.

Røtene til krisene i det "atomliknande" grunnlaget for den kapitalistiske samfunnsøkonomien ligg altså djupare enn den uttalte overproduksjonsteorien i Kapitalen. Å finne desse røtene ligg til grunn for det utvalet som vi finn i dei seks binda som WBG har gitt ut. Derfor er ikkje utvalet avgrensa til Kapitalen eller berre dei økonomiske skriftene.

Logikken i profitraten som utgangspunkt for forklaring

Så opnar han eit nytt felt og seier at han kort vil prøve å illustrere korleis logikken i profitraten gir oss nokre fordelar når vi vil forklare kva som skjer i verda. Han seier at det med rette er blitt argumentert for at profitraten og framfor alt Marx sin oppfatning når det gjeld loven om profitraten sin fallande tendens ikkje kan bli forstått som den einaste kriseteorien. Til det er profitraten i sin konkrete verdi og utvikling for avhengig og årsaksbestemt av mange omstende. Og konkrete verdiar tvingar ikkje på nokre måte til ein subjektiv eller objektiv krisebestemming eller til spesifikke handlingsfølgjer for kapitalistane. Men innbakt i ein typisk samanheng (det at vi gjer uttalte spådommar om prisendringar, kretslaupssamanhangar, forholdet mellom bestemte grupper av enkeltkapitalar, makroøkonomiske fordelingskonstellasjonar osb.) kan profitraten både reflektere samanhengar når det gjeld forventingar og individuelle handlingsval og makroøkonomiske hendingar. Og Marx si oppfatning om dette kan til og med hjelpe oss med å

analyser kor djupt ned i ei systemeigen akkumulasjonskrise den "nyliberale" ekstremismen med den radikale laussleppinga si av profitt og omfordeling har drive oss, og kva slags tilstandar det trugande kapplaupet om kapitaloppsamling og profittsikring gir som resultat.

Profitraten blir i tilsvarande økonomiske samanhengar til eit nålauge for ein kvar vidare samfunnsmessig utvikling, til noko som fører til varig krise og endetid for systemet, noko som i sin tur fører til endå heftigare reaksjonar, omfordelingskampar og til at ein går amok etter nominelle og reelle verdiar.

For det som tar søvnen frå kapitalistane og driv dei til handling, anten manisk eller depressivt motivert, det hadde Marx utarbeidd med nødvendig klårleik: nemleg profitraten = π .

$$\pi = \frac{m}{c + v} = \frac{\frac{m}{v}}{\frac{c}{v} + 1}$$

Underteikna vil føye til at her tyder altså π profitraten, m meirverdien, c konstant kapital og v variabel kapital. Variabel kapital er det same som utbetalte løner til kjøp av arbeidskrafta. Konstant kapital er resten av kapitalen, nemlig maskiner, råvarer, hjelpestoff osb. Meirverdien er verdien av det som arbeidarane produserer minus verdien av lønene deira. Det er denne meirverdien kapitalisten tileigner seg og som utgjer profitten. Utbyttingsgraden er lik meirverdien delt på variabel kapital og profitraten er lik meirverdien delt på heile kapitalen, både den variable og den konstante. Kapitalens "organiske samansetning" (Marx) er variabel kapital delt på konstant kapital. Profitraten blir då også lik meirverdiraten delt på kapitalens organiske samansetning pluss ein. For dei som ikkje er vant med likningar er det ei mellomrekning mellom dei to siste uttrykka. Det blir slik:

$$\frac{m}{c+v} = \frac{\frac{m}{v}}{\frac{c}{v} + \frac{v}{v}} = \frac{\frac{m}{v}}{\frac{c+v}{v}}$$

Så seier Elsner at i den vanlege kapitalistiske akkumulasjonsprosessen vil c (*den konstante kapitalen*) ha ein framherskande tendens til å vekse meir enn v (*den variable kapitalen*). Dermed fører utviklinga av denne organiske samansetninga av kapitalen (som Marx kallar det) til at verdien i heile likninga har ein svikefull tendens til å minke, dvs. at profitraten har ein tendens til å minke desto meir vellukka kapitaloppsamlinga blir.

Underteikna vil føye til at det altså blir slik at verdien av den konstante kapitalen (alle tinga som går inn i produksjonen av varene) = c , veks meir enn verdien av den meirverdien = m , som arbeidarane skapar utover si eiga løn og at verdien av meirverdien delt på variabel kapital (lønene), dvs. utbyttungsgraden, veks mindre enn verdien av konstant kapital delt på variabel kapital pluss 1. Det gjør at talet under brøkstreken har ein tendens til å auke meir enn talet over brøkstreken, altså at verdien i likninga = π , eller profitraten, har ein tendens til å minke.

Så tar Elsner i eit nytt avsnitt opp den hundreårgamle myten om "marknad" og "marknadsøkonomi" – (tidleg)kapitalistisk "normalutvikling" og historisk misslukking i den store depresjonen. Han skriv at heilt frå begynninga finn vi – og vi finn han framleis – den lagnadstunge feilanlysen og den hundreårgamle myten om ein "marknad" som eit likevektig system som stabiliserer seg sjølv og ein heil "marknadsøkonomi" som er ein problelaus samanheng av "delmarknader" utan ein kvar drenering av pengar og kapital, utan ekte utryggleikar, feile forventingar, kollektive dilemma og handlingshindringar, utan prosessar som er avhengige av visse utviklingsstigar (stokastiske) og utan prosessar som er oppsamlande – det naive systemet med eit ideelt allsidig bytte av ting som om vi var i eit lite, harmonisk, oversiktlig "ursamfunn", bare gjort litt lettare gjennom pengar ("Say sitt teorem"), og monetaristisk pengeteori.

Den "nyklassiske" økonomiske teorien om den "perfekte marknaden", som jo praktisk talt ikkje har noe til felles med den klassiske politiske økonomien, ville støype den endelige "løysinga" på alle økonomiske problem i tidlegare matematisk "lover" som eit historisk sluttspunkt som for evig skulle vere utanfor all kritikk. Matematikarar og fysikarar hadde stadig åtvara "nyklassikarane" heilt sidan slutten på 1800-talet mot falske og absurde analogiar mellom samfunnsvitskapar og den klassiske mekanikken og energifysikken på 1800-talet. Ein mekanisk samfunnsfysikk finns ikkje, om ikkje anna så fordi den verkelege økonomien ikkje er eit lukka system (som til dømes ein gass i ei flaske), men derimot rett fram prototypen på ein dissipativt (ope og dermed ikkje-likevektig, men stokastisk system går for seg i historisk tid, til tider open for nye hendingar, ikkje-determinert, "kaotisk", irreversibelt og sist, men ikkje minst entropisk) struktur, i ope samspel med samfunnssystemet og med natursystemet, og med energistraumen (og "avfallslagringa") som er innretta med omsyn på sin eigen kompleksitetsauke.

Men matematikarane og sjefideologane for den "reine marknaden) ville ikkje (og kunne ikkje, burde ikkje) høyre. Den moglege gevinsten av godt rykte hos dei herskande var for lokkande når det galdt å gi eit "naturvitenskapleg nøyaktig bevis" på ein "perfekt marknadsøkonomi". Og behovet i systemet for ein slik perfeksjonsideologi som blei presentert på ein vitskapeleg matematisk måte, var for stort til at dei kunne avblåse eller relativisere dette prosjektet for å lage ein allmenn likevektsteori for "marknadsøkonomien". Det oppstod ei tru som med naudsyn blei gjort immun mot kritikk, som var kvasivitenskap og dermed sto oppe i openberre og medvitne uklare forhold av gissing, vilkårlege oppfatningar og normer og som kunne målast på tilfeldige økonometriske måtar av likningsformer som skreiv ut resept på eit stivna, tilsynelatande logisk redusert, normerande handlingssystem utan eitkvart spelerom for (alternative) handlingar eller for heilt andre alternativ.

Den politiske reaksjonen på den største krisa i kapitalismen til då, den Store depresjonen frå 1929 var derfor "nyklassisk" dominert og bestemt: når dei las han slik var "marknaden" i prinsippet i stabil likevekt, men måtte først bli brakt tilbake til sin perfekte funksjon og for å nå dette målet måtte økonomien settast fri frå alle "ytre forstyrringar", som til dømes sosiale forpliktingar i økonomien for å få høgare menneskeleg velferd. Midla for å klare dette var for "nyklassikarane" og dei herskande den gong, heilt openberre og utan alternativ: mindre stat, reduksjon av statlege sosial- og forsorgsutgifter, lønesenkingar saman med tvang mot dei som var avhengig av arbeid, alle skulle sjåast som individ og ikkje som "marknadsstørrande" kollektiv eller "tilsette" eller "fagforeining". Dei skulle altså bli dobbelt fri (frå all eigedom og frå alle rettar) og måtte stå mot kapitalistane med "same rett". Med den motsvarande sparestrategien kom dei ikkje ut av depresjonen i mest alle dei viktigaste kapitalistiske landa, men dei grov seg berre djupare ned i han. Dei opplevde så den vidjetne Double Dip (ein nedgangskonjunktur som etter ei kort stund med oppgang gjekk inn i ein ny nedgang), og dei krieskjerpande verknadene av statstiltaka, slik vi og må gjennom leve i dag og, berre på eit usamanliknbart høgare nivå. Det første store feltforsøket til "nyklassikarane" var altså ein grandios fiasco.

Viss vi ser på profitraten så finn vi i den "normale" kapitalistiske økonomiske utviklinga strukturelt sett ein fallande profitrate når meirverdien "under normale omstende" stig gjennom ein investeringsprosess med (typisk nok ikkje alltid arbeids- og kapitalsparande) tekniske framsteg, når verdien av arbeidskrafta, altså kostnaden for arbeidskrafta sin reproduksjon (på grunn av

at varene blir billigare i produksjon) minkar, medan storleiken av konstant kapital aukar. Vi kan vise det slik:

$$\pi = \left[\frac{\left(\frac{m^\uparrow}{v^\downarrow} \right)^\uparrow}{\left(\frac{c^{\uparrow\uparrow}}{v^\downarrow} \right)^{\uparrow\uparrow+1}} \right] \downarrow$$

Her kjem han med ein merknad om at dette ikkje gjeld for alle verdiar av m og v, men dette viser kva som normalt skjer i den verkelege økonomien.

Underteikna føyer til at pilane her viser i kva retning verdien av m og v og forholdet mellom dei, utviklar seg og kor mykje dei gjer det (ei pil eller fleire piler). Vi ser her at meirverdien aukar \uparrow , mens verdien av arbeidskrafta, av lønene, går ned \downarrow . Vi ser og at verdien av den konstante kapitalen c går mykje opp $\uparrow\uparrow$, mens vi alt veit at verdien av arbeidskrafta går ned. Det gjer at utbyttungsgraden aukar og m/v til saman går opp \uparrow . Til saman fører det til at profittgraden π går ned \downarrow .

Han seier altså at profitraten $= \pi$ har altså ein tendens til å falle med stigande kapitaloppsamling også når meirverdien stig i absolute tal, sjølv når vekta av den oppsamla konstante kapitalen (og i dag også kreditt- og spekulasjonskostnadene hans) blir stadig større.

Den "løysinga" som finns til slutt når det gjeld den for låge profitraten – objektiv sett for lite meirverdi, subjektivt depressiv stemning hos kapitalistane som til saman skapar eit "run" – gjennom den sykliske krisa som er forårsaka av overakkumulasjon og underforbruk, skjer då på den eine sida gjennom minsking av verdiproduksjonen og massearbeidsløyse (skjerpa reduksjon av v (verdien av arbeidskrafta), men framfor alt gjennom massiv nedgang i verdien av den konstante kapitalen. Vi kan illustrere det slik:

$$\pi = \left[\frac{\left(\frac{m^\downarrow}{v^{\downarrow\downarrow}} \right)^\uparrow}{\left(\frac{c^{\downarrow\downarrow\downarrow\downarrow}}{v^{\downarrow\downarrow}} \right)^{\downarrow\downarrow+1}} \right] \uparrow$$

Den store nedgangen, særlig i verdien av konstant kapital, gjør at profitraten stig igjen. Dette skjer ved all stor kapitaløydelegging. Særlig stor var han jo under 2. Verdskriegen som var systemnødvendig for at kapitalen skulle kunne fortsette på jorda og eit stort pluss \uparrow for han. Underteikna føyer til at ein Hitler, med hans viktigaste funksjon = å få opp att profitraten frå den store depresjonen, altså var ein systemnødvendig type for kapitalen på denne tida. I den grad han var ein galning, var systemet også vanvitig.

Så skriv Elsner om førebels stabilisering av kapitalismen: "bastard"-keynesianske løysingar, motsetnadene deira og at dei ikkje er haldbare på lang sikt.

Under den store depresjonen hadde kapitalismen to alternativ ovafor den sterke arbeidarrørsla og dei forskjellige sosialreformrørslene for å komme seg ut av ei varig krise. Den eine var den tysk- italienske-spanske varianten med open terror og fysisk øydelegging av arbeidarrørsla. Desse fascistiske variantane for å redde kapitalismen fylte snart den objektive økonomiske funksjonen sin og sette i gang ein ny akkumulasjonsrunde gjennom ei pionerrolle i dei opprustings- og krigsøkonomiske variantane sine, noe som seinare blei kjent som keynesianisme – som riktig nok berre blei populær og politisk brukt i ein redusert, mekanistiske og "hydraulisk" og autoritære form av han, utan ein kvar strukturendring i mikrogrunnlaget (marknader).

Det andre alternativet blei, etter nokre år med krise, brukt ei kort stund framfor alt i USA. Franklin Roosevelt kunne i ein kort periode bli overtyda om at det var naudsynt og kanskje strategisk og taktisk fordelaktig å sette i gang ein velferdsstatleg og sosialstatleg og infrastrukturell fornying av kapitalismen. Og den blei verkeleggjort med ein statleg-kollektiv overtaking av risiko og dermed risikoavgrensing, bygging av tillit, stabilisering av tilhøva på nokre område (først og fremst på bustadmarknaden gjennom at staten overtok og gav lange tilbakebetalingsfristar til dei som ikkje kunne betale låna sine), og også med ein aktiv og offentleg investeringspolitikk og organisering og ved å sette i gang tiltak som skapte arbeid for å framskynde ein ny lang akkumulasjonsrunde.

Men den sosiale velferdskapitalismen har ein særleg konstruksjonsfeil: I lengda gir han arbeidarane, som får eit minimum av sosial sikkerheit og moglegheit til å planlegge framtida, også ein viss kollektiv handlingsevne og kraft. I røynda har arbeidarane i dei utvikla kapitalistiske landa i perioden med den keynesianske velferdsstaten over ei viss tid kunne heve lønedelen i samfunnsproduktet ein god del.

Når vi ser på dette i høve til profitraten kan vi på ny erkjenne eit fall i profitraten på grunn av tilbakefordeling nedetter (ved at v stig), først og fremst ved ein typisk "god konjunktur", altså veksande meirverdimasse, og med det også relativt høgare akkumulasjon av konstant kapital:

$$\pi = \left[\frac{\left(\frac{m}{v} \uparrow\uparrow \right) \downarrow}{\left(\frac{c}{v} \uparrow\uparrow\uparrow \right) \uparrow + 1} \right] \downarrow$$

På slutten av den keynesianske perioden løyste denne motsetnaden seg opp i ein strukturell fordelingskamp med den følgja at vi fekk ein tendensielt veksande inflasjonsrate som var like mykje "profittskapt" som "løneskapt". Men dei motinflatoriske tiltaka som kom virka først og fremst mindre inn på sjølve fordelingskampen og ikkje i det heile på dei stadig meir fordelaktige prisstrategiske vilkåra til dei konserna som i mellomtida hadde vakse og dei høgare konsentrerte sektorane med stadig tettare oligopol, men desto meir på den verkelege produksjonen. Stagflasjon blei på 1970-talet problemet til kapitalismen, eller i det minste stilisert til eit problem, for å få endre akkumulasjonsvilkåra på ein endeleg måte og bestemme resultatet av fordelingskampen i det lange løp på ein eintydig måte.

Etter dette tar Elsner opp det "nyliberale" utbrotet frå det ustødige "klasse"-kompromisset: globalt frislepp av ei mektigaste kapitalane

Utgangspunkta for det nye paradigmet var klart: (1) Press for konsentrasjon og sentralisering av kapital opnar heimemarknaden til konkurrentane for global ekspansjon også gjennom å skape nytt liv i eller meir presist nye modellar og paradigme når det gjeld "marknad" og "konkurranse"; (2) Privatisering, altså å innlemme dei formuane som det offentlege og kollektive har samla opp i meirverdimassen og meirverdiproduksjonen til dei store føretaka på gunstig måtar; (3) Avregulering av arbeidsvilkåra, altså auke i meirverdidelen av samfunnsproduktet på kostnad av lønene gjennom nye maktforhold i arbeids"marknaden"; (4) Avslutting av ein statleg finanspolitikk som er strukturert for å tene samfunnspolitiske mål og innføre en dominerande pengepolitikk som er politisk-samfunnsmessig innretta på sparing ("stabil pengeverdi"), institusjonelt forankra gjennom sentralbankane, som blei stilt over stat og demokrati på ein gudeliknande måte og faktisk er blitt til den største lobbyorganisasjonen (banksektoren) i den "nyliberale" kapitalismen; (5) global avregulering, altså at statane skaper eit eksklusivt globalt rom for handling for storkapitalen; (6) offensiv for innovasjon med billigare og kapital- og arbeidssparande tekniske framsteg. Den digitale mikroelektroniske revolusjonen med den langsiktige oppløysinga av alle grenser i arbeidslivet kom då – tilfeldigvis? – til heilt rett tid.

Nye modellar når det gjeld mikro- og makroøkonomien, nye tolkingar av "marknad" og "konkurranse", pengar og dominerande "upolitisk", "politikkfjern" pengepolitikk, som på grunn av inflasjon og "naturlig", sjølvpåført arbeidsløyse smelta saman til ein "nyliberalisme" som, slik vi før har sagt, korkje er "ny" og heller ikkje på nokon måte kan framstillast som "liberal". Det blei utvikla ei mengd moment som, med stor makt bak seg, blei innført i

lærebøkene i den akademiske masseutdanninga, i diskursen til dei politiske media, institutt og stiftingar, i dei politiske organisasjonane og i den politiske utdanninga der og dermed blei det også raskt innført i regjeringspolitikken. Det var teoretiske og politiske omvurderingar, ekstreme fornufts- og forventingshypotesar, "som om" metodologien, omvurderinga av årsakene til inflasjon som arbeidarane og statane sin gjeld, hyperrasjonelle hypotesar om formuesoptimering, finansmarknadene sin Black-Scholes-optimaliseringsmodell, som dertil drog med seg eit spesielt fysisk teorem med underliggende strukturkonstans, den såkalla Brownske rørsle, for å bevise den evige likevekts- og stabilitetstendensen i finansmarknadene, para med ad-hoc-teorem for generelt å nedvurdere kollektiv og proaktive (fiskale) statlege inngrep. Alt dette skapte eit mangearta brygg og eit ideologisk fyrverkeri. I røynda blei ein plan som var utarbeidd gjennom lang tid sett ut i livet på generalstabsmessig vis.

Eit av dei teoretiske verkemidla for å klare dette var den heroiske vurderinga (til Hayek) om at det finns ei effektiv spreiing av all relevant kunnskap om alle aktørane i eit spontant desentralisert system som på eit eller anna vis ikkje blei definert, og som blei kalla "marknad". Korleis den utstrødde "riktige heilskapskunnskapen" i den spontane, desentraliserte prosessen skal bli omsett til ein kollektiv, systemisk fornuft fortsett å vere, når vi ser nøye på det, ein løyndom som vi kan sjå oppløyser seg i at ei kvar oppfatning om ein uavhengig, kollektiv, systemisk fornuft bygd på erfaring i realiteten må bli oppgitt. Ja, berre tanken på at det kan finnast noko felles, til dømes felles økonomiske koordinasjonsproblem og –løysingar, gjeld som første steg i retning slaveri. Den mystiske, eliteprega, gudeggjevne heltetrua og hatet mot samfunnet frå den gamle adelen og den nyrike "eliten" blir helst med glede. Margaret Thatcher hadde forstått bodskapen: "Det finns ikkje noko samfunn."

I det neste avsnittet tar han opp akselererande degenerering og sjølvheving av "marknadene" – erfaring frå fire tiår med krav frå plutokratia (dei styrande rike). Ikkje berre den kraftig oppsvulma turbulensen og krisene i dei siste tiåra under det "nyliberale" regimet viser kor enormt feil "marknads"teoretikarane tar. (Vi har hatt internasjonal børskrise i 1987, den japanske bustadskrisa i 1986-99 osb., dotcom-internett-krisa i 1996-2000, den asiatiske finanskrisa i 1997-1999, den russiske finanskrisa i 1999-2002.)

Som grunnlag for eksistensen sin treng dei verkelege marknadane i ei kompleks verd å bli bakt inn i og regulert gjennom motsette prinsipp, for å halde oppe ein halvveges uthaldeleg funksjonsmåte, utan å skape typisk overkompleksitet, overturbulens og aukande nærsyn i dei avregulerte marknadane. Elles blir dei

til alt og inkje, medrekna dei mest traumatiserande mekanismane og hendingane, som vi kan førestille oss – og som vi i dag må skode på en dramatisk måte. Kva pris betalar vi til dømes i marknaden for menneskehandel, for mord og for muting av dei høgaste politikarane.

Det førebels høgdepunktet i kapitalkonsentrasjon, -sentralisering, -kontroll og – maktkonsentrasjon blei først undersøkt i ein studie frå det føderale instituttet for teknologi (ETH) i Zürich i 2011 på grunnlag av ein database med dei 43 000 største føretaka som dreiv internasjonalt. Erfaringa var at i dag blir verda styrt av om lag førti av dei største internasjonale kapitalgruppene, som eig og kontrollerer kvarandre innbyrdes og slik dannar eit lukka styringssystem som ingen makt i verda kan kontrollere lenger. Dei kommanderer over mest alle dei undersøkte føretaka, ein megaklubb av dei mektigaste finanseiningar, bankar, sparebankar, investeringsfond, hedgefond og forsikringsselskap, mellom dei er det berre nokre få industrikonsern som høyrer heime, og alle med ein kapitalbase som er større enn samfunnsproduktet i dei landa dei kjem frå. Det personellet som høyrer til desse i heile verda er nokre hundre mega- og gigarike og nokre hundre toppleiarar i dei nemnde finanskonglomerata.

Og her, der dei har oppretta ein eksklusiv global plass for aktiviteten sin med uforstyrra rett utan plikter, der dei flyr frå dei tradisjonelle framgangsmåtane og dei samfunnsmessige og økologiske forpliktingane og der veksande kulturar over alt blir øydelagt i deira interesse, må dei sjølv redusere att den stigande uroa og dei ekte usikkerheitene for å få ein viss beherskande grad av kontroll over vilkåra rundt seg og behalde ei sikring for å kunne planlegge og handle. Men ifølgje den individuelle fornufta si kan dei berre gjere det gjennom enno større vekst, gjennom meir danning av oligopolar (når tilboda kjem frå nokre få tilbodarar), kartellisering (fleire føretak som inngår avtalar seg imellom) , osb. Verkelege, dvs. avregulerte marknader, utartar fortare og har fare raskare inn i tilstandar som er tvert imot deira eigne mytar, som vi skal sjå.

Den ”nyliberale offensiven” med global vekst i massearbeidsløyse og massegattigdom, altså relativ senking av verdien av den variable kapitalen, aukande eksternalisering av sosial- og miljøkostnadene og senking av kostnaden for konstant kapital, burde drive profittraten til nye høgder, slik vi kan sjå av denne likninga:

$$\pi = \left[\frac{\left(\frac{m^{\uparrow\uparrow}}{v^{\uparrow\downarrow\downarrow}} \right)^{\uparrow\uparrow}}{\left(\frac{c^{\uparrow}}{v} \right)^{\uparrow\downarrow\downarrow} + 1} \right] \uparrow$$

Men krav frå oligopol og pleie av dei rike har fyrt opp under finansialiseringa av økonomien på ein avgjerande måte. Enorme finansoverskott som først oppstod innan industrien, som ovafor manglande omsorg for og systematiske tømming av realøkonomien (gjennom den systematiske underforbrukstendensen og profittjaget i spekulasjonsindustrien) ikkje lenger fann nokon tiltrekkande produktiv/investerande bruksmåte der, gjorde at det oppstod ein dominans frå finans- og spekulasjonsindustrien, med løfte om høge renteinntekter, som aldri kunne bli nådd gjennom ordentleg "real"produksjon i tradisjonell industri og tenesteyting, men berre på denne måten. Slik blei også dei normale industrikonserna til finansspekulantar. Gjennom talrike prosessar som var vevd saman med kvarandre blei den "fiktive" kapitalen (Marx), den nominelle pengekapitalen, til den forma som styrt over alt – økonomi, samfunn, teknologi og natur.

Etter dette går Eltner over til å skrive om den kvantitative umogelighet det er med ein "fornuftig" profitrate på den eksploderte kapitalformuen. Statleg avregulering, krav frå oligopol, pleie av dei rike og omfordeling nedanfrå og oppetter, naudsynte og ønska følgjer av den teoretiske konstruksjonen i den "nyliberale" modellblandinga, har ikkje berre heilt enkelt gjort dei rike til superrike, dei superrike til megarike og dei megarike til gigarike, gjort "normale" industrikonsern og bankar til globale supermakter, rikare og mektigare enn økonomien i dei landa dei kjem frå, slik at til dømes nokre hundre av dei rikaste personane i verda har like så store formuar som 50 % av dei fattigaste i verda i dag til saman. Dei meir eller mindre likvide midla som det blir handla med i penge- og kapitalindustrien medrekna dei meir eller mindre pengelike nominelle private formuesoppsamlingane som har motsvarande inntektskrav "mot resten av verda", blir vurdert til 300 billionar dollar private kapitalformuar, med dei berekna hemmelege offshoreformuane som ikkje kjem fram i nokon offentleg statistikk; dei institusjonelle pengenære kapitalformuane til bankane, forsikringsselskapa og dei forskjellige formene som finns i spekulasjonsindustrien, som aksjar, obligasjonar, verdipapir og derivat (av derivat) av alle typar, og som utgjer rundt 750 billionar dollar i derivat og 60 billionar i forsikringspolisar mot kreditt som ikkje blir innfridd. Det er mogleg at vi snakkar om rundt 1 billiard dollar i relativt likvide midlar – ein kapitalformue som er på jakt etter ein fornuftig profitrate, det er eit volum som er om lag 13 gonger så stort som det årlege sosialproduktet i heile verda. Kor høg er den gjennomsnittlege avkastinga på denne fiktive kapitalen som i prinsipp til slutt berre kan bli dekka inn av verdas sosialprodukt. Når kapital- og formues-eigarane skal tilegne seg 50 % av det globale "folkeinntekta" som meirverdi, vil profitraten på den konstante kapitalen m/c på rundt 3,4 % berre vere ein brøkdel av kva industrikonserna, "anstendige" bankar,

forsikringsselskap, investeringsfond, hedge-fond eller private aksjar forlangar, og verkeleg skaffar seg og proklamerer som standard. Bankane reknar med at deira avkasting på investert kapital skal vere om lag 25 % i året. Det blir då tydeleg i kva enorm målestokk dei store kapitalane ranar til seg middel frå alle andre, når den gjennomsnittlege avkastinga i heile økonomien berre er på under 3 % m/c+v og for nokre vil han vere på berre 1 eller 2 %, mens millionar av småspekulantar er programmert til spekulasjonstap.

Ser vi på den sein ”nyliberale” konstellasjonen av raskare nedgang med relativ senking av verdien av den variable kapitalen, kanskje framleis berre normal realøkonomisk meirverdiproduksjon, men med ein konstant kapital som vi nå ikkje lenger berre må sjå som realverdi, men for den aller største del som reint nominell pengekapital, fiktiv kapital som har overskride alle tidigare kjente dimensjonar, så anar vi at korkje ein ”normal” profitrate eller den høge profitraten som ein forventar i spekulasjonen kan vere mogleg å realisere. Vi får:

$$\pi = \left[\frac{\left(\frac{m^\uparrow}{v^{\downarrow\downarrow}} \right)^{\uparrow\uparrow}}{\left(\frac{c^{\uparrow\uparrow\uparrow\uparrow}}{v^{\downarrow\downarrow}} \right)^{\uparrow\uparrow\uparrow+1}} \right] \downarrow$$

Profitraten går nedetter. Eit studium av den fiktive kapitalen i tredje bind av Kapitalen, forvandlinga av overgangen frå den realøkonomiske G-W-G' (Pengar – varer – meir pengar) til den spekulative bobleformige G-G' (Pengar – meir pengar) som ikkje kan oppretthaldast som veksande boble, og den nødvendige omdanninga av G' i realverdiar til rett tid, som ein mogleg ny mekanisme G-G'-W (Pengar – meir pengar – varer) (noko som berre kan lukkast delvis, i mindre storleik) gir her ein sjanse (truleg den einaste) til å analysere og forstå dei noverande økonomiske prosessane i samanheng.

Eksploderande luksusforbruk, tapping av realkapital, spekulasjon i ressursar og landgrebbing, spekulasjon i alt og inkje, i statsbankerott og samstundes det motsette, kjøp av politikk, eksplosjon av kvitsnipp- og konsernkriminalitet og moralsk forfall, delvis sosial samanbrott og stadig meir autoritære og byråkratiske statstiltak, den aukande konflikten mellom (til ulempe for alle) den summen som skal omfordelast og demokratiet, alt dette ville vere empiriske område for ein slik analyse, som vi ikkje kan gjere her.

Til slutt tar Elsner opp grunnen til at WBG i 2013 gir ut ei rimeleg stor studieutgåve av Marx sine verk. Han seier at dei noverande implikasjonane av den analysen som han har begynt kan utarbeidast vidare i det endelause. Viss

vi snakkar om ”framtida” for den ”nyliberale” frisleppte globale finanskapitalen, så snakkar vi knapt om fleire tiår. Vi opplever ei forskrekkeleg offentlig handlingslamming (og kollektiv handlingslamming allment): ingen av dei grunnleggande problema til menneska er løyst eller er komme eit steg nærmare løysinga si på dei siste 40 åra. Mange løysingar er lengre vekke enn nokon gong.

Og då kjem vi på ingen måte forbi dei filosofane, historikarane og økonomane som på 1800-talet utarbeidde kva som til sjuande og sist set kapitalen i rørsle og i kor stor grad dei menneskelege evnene til felles fornuft, planlegging for framtida, medkjensle eller evne til samarbeid anten blir gjort umogleg eller hindra eller kasta bort og spring ut i det tomme, i ein irrasjonell og fordreia struktur, som stenger menneska inne i ei tvangstrøye med redusert handlingsmoglegheit og negative stimulansar. Situasjonen kan ha blitt hengande tilfeldig etter i den historiske prosessen, å overvinne dette krev eit kollektivt rasjonelt krafttak. Alternativa til denne situasjonen har til no vore for därlege og for tidleg.

Den som vil forstå dei vesentlege sidene når det gjeld krisa, notida og framtida burde lære Marx (betre) å kjenne. Denne utgåva av verka hans på tysk er eit framifrå tilbod om det. Ho har eit godt format (ved sidan av spesialistutgåvene ”MEW” (Marx-Engels-Werke) og ”MEGA” (Marx-Engels-Gesammelte Werke) og kjem til rett tid. WBG fortener stor påskjønning for initiativet og motet til å gjennomføre det riktige prosjektet til rette tid.

Så langt Wolfram Elsner. Eg helsar denne utgåva velkommen som ein del av den verkelege marxistiske renessansen som for alvor har begynt i verda i denne nye store krisetida. Eg skulle sjølvsagt ønske at det var nokre fleire bind, slik at dei hadde fått plass til verk som ”Grunnriss til kritikk av sosialøkonomien” og ”Teoriar om meirverdien”, men verket gir likevel dei tysktalande ein god inngangsport til Marx sine tankar. Og utan å forstå dei grunnleggande trekka i desse tankane har vi faktisk ikkje nokon moglegheit til å komme ut av kapitalens fengsel, og risikerer å gå til grunne der i rasande anarkistisk profittjag, enorm rikdom for dei få, fattigdom og svolt for fleire og fleire (Raude krossen melder i dag om at rundt 35 millionar personar i EU ikkje får nok mat) religionskrigar og andre typar krigar, miljøøydelegging, rasande tilfeldig vald osb., osb.

Innleiinga til Wolfram Elsner frå oktober 2012 er referert og kommentert av Terje Valen, 15. november 2013.